

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 07.06.2022
SAKSHANDSAMAR: Guro Mjanger
SAKA GJELD: **Statusrapport om innovasjon i Helse Førde**
ARKIVSAK: 2022/2554

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.06.2022

STYRESAK:
041/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerende direktør sin statusrapport om innovasjon til vitende.

Oppsummering

Administrerende direktør legg med dette fram halvårsrapport for arbeidet med innovasjon i Helse Førde (HFD).

Innovasjonsaktiviteten i Helse Førde har auka dei seinare åra, noko som også viser att i søknadsaktivitet og tildelte prosjektmidlar frå interne og eksterne kjelder. Som eit ledd i opptrappinga av ressursbruken knytt til forskning og innovasjon, vart det lyst ut interne innovasjonsmidlar i Helse Førde for 2022. Det kom inn totalt sju søknader, der fire av prosjekta fekk tildelt midlar - to nye og to pågåande prosjekt. Helse Førde sende inn ein søknad til Helse Vest si utlysing på innovasjonsmidlar for 2022, og fekk tilslag på denne. Prosjektet «Universelt pasientgrensesnitt», leia av Christian Moltu (PHV), fekk tildelt 1,2 millionar kroner, og har som mål å utvikle eit nyskapande pasientgrensesnitt for datadriven klinisk praksis.

Helse Førde held fram å styrke det eksterne samarbeidet både med offentlege og private i samsvar med regionale og nasjonale føringar. Helse Førde har fleire pågåande innovasjonssamarbeid med næringslivsaktørar, og opplever ein større pågang frå eksterne næringslivsaktørar som ønskjer å samarbeide med oss. Helseinnovasjonskonferansen vart arrangert for tredje gang i februar 2022, og har etter kvart bidrege til å gje Helse Førde eit godt omdøme innan innovasjonsfeltet nasjonalt. Konferansen er ein god plattform for å fronte innovasjonsverksemda i eige helseføretak. I tillegg er det ein arena for å knyte nye kontaktar og samarbeidsrelasjonar som kan legge grunnlag for framtidig samarbeid.

I tillegg til å opne meir opp for samarbeid med andre utanfor organisasjonen, jobbar Helse Førde målretta med å styrke kulturen for forbetring og innovasjon internt i føretaket. I arbeidet med å bygge ein god kultur for innovasjon i Helse Førde er kommunikasjon eit sentralt verktøy for at tilsette skal få meir kjennskap til innovasjonsarbeidet, slik at vi kan nå ut til fleire framtidige idéhavarar. I tillegg til digitale kommunikasjonskanalar, er eit magasin under utarbeiding og vil vere klart hausten 2022. Magasinet vil ligge på venterom og spreiaast til alle avdelingar. Målgruppa er tilsette, pasientar og pårørande, i tillegg til at vi ønskjer å dele det i vår nærregion.

Helse Førde har styrka ressursane knytt til innovasjon, og føretaket har eit stadig betre støttesystem og infrastruktur for å stimulere til innovasjon. ABC for innovasjon, som er eit kvalitetssystem for medarbeidarar i alle klinikkane og i stabsområde som er involverte i innovasjonsprosjekt, nærmar seg ferdigstilling. Målet er å ha ein enkel vegvisar for tilsette frå alle deler av organisasjonen som har innovasjonsidéar, og for dei som skal bistå og legge til rette for utvikling og vidareføring av innovasjonar.

Den samla ressursbruken til innovasjon i 2021 var 0,23 prosent av budsjettet til Helse Førde. I strategi for forskning og innovasjon 2020-2025 er målet at innan 2025 skal ein bruke 0,3 prosent av det samla budsjettet i Helse Førde til innovasjon. Helse Førde er såleis godt i rute til å nå det målet.

Fakta

I styringsdokumentet til Helse Førde for 2022 står det følgende om innovasjon:

Helseføretaka skal legge til rette for helsetenesteforskning og innovasjonsprosjekt som utviklar nye måtar helsetenester kan leverast på, samt prosjekt som evaluerer kvalitet og pasienttryggleik i pasientbehandling. (...) Helseføretaka skal vurdere å nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant. Den nasjonale kompetansenesta frå InnoMed skal nyttast i tenesteinnovasjonsprosjekt når dette er relevant, og idémottaket må nyttast til å registrere innovasjonsprosjekt. Helseføretaka skal på førespurnad delta i opplæringsprogram i regi av LUP, og rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant
- nytte den nasjonale kompetansenesta frå InnoMed i tenesteinnovasjonsprosjekt når dette er relevant
- nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt
- rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet- og nytte

Helse Førde arbeider i stor grad i samsvar med føringane i styringsdokumentet, og ønskjer mellom anna å dra nytte av at Helse Vest RHF frå 2022 er partner i nasjonalt leverandørutviklingsprogram (LUP). Dette vil på sikt styrke helseføretaket sin kompetanse på offentlege innovative anskaffingar. Det vert for tida nytta prosessretteleing frå InnoMed i eitt konkret prosjekt; Pust Deg Betre.

Idémottaket vert nytta til å registrere nye idéar og i rapportering på innovasjonsindikatoren. Poenga i innovasjonsindikatoren svingar frå år til år, og ein skal vere varsam med å legge for mykje i tala. På sikt er målet nasjonalt å ha ein indikator som gir meir presise mål på innovasjonsaktiviteten i føretaka.

Konklusjon

Administrerande direktør vurderer at Helse Førde jobbar i tråd med føringar som ligg både nasjonalt, regionalt og lokalt innanfor innovasjonsområdet.

Vedlegg:

1. Innovasjon i Helse Førde – statusrapport juni 2022